



OSTERØY IDROTTSLAG

SKIPA 1918

Årsmøte 1985 vart halde på Hjellvik skule 24/11 kl. 16.00

Frammøte: 30 medlemer

1. Form. ynskta alle velkomne og innkalling og saklista vart deretter samrøystes godkjend.

2. Val av ordstyrar: Jørgen Varden vart samrøystes vald.

3. Årsmelding: Monrad Myking las årsmelding som vart godkjend utan merknad.

4. Rekneskap: Jorunn Bergan las deretter rekneskapen for hovedlaget og den vart også godkjend utan merknad.

5. Kontigent for 1986: Det vart samrøystes vedtak om å auka beløpet frå 85 til kr. 100 for vaksne og for born same kontigent som i fjor kr. 25. (børnekontigent vert betalt til og med det året medlemmet fyller 17 år.)

6. Røysterett og valbarheitsalder: Same som tidligare fylte 15 år.

7. Val: sjå eiga liste. Nokre av gruppene hadde ikkje valdt Form/Kasserer enno og årsmøtet gav styret fullmakt til å godkjenna valet av desse tillitsmenn på neste styremøte.

8. Sponsoravtalen: Denne avtale med Sparebanken Vest er også i år 2 årig avtale der reklameskilta på Osterøy Stadion og i lysløypa på Rolland er inkludert i prisen. For dette betalar Sparebanken Vest kr. 55.000 for 1986 og kr. 60.000 for 1987.

9. Fysioterapeut: Endresen ynskjer å komme over til ein ordning med betaling for konsultasjonar som gjennomføres. Styret meiner idrettslaget sine medlemer over 25 år eller som går i arbeid bør betale sjølve. Fylgjande forslag vart samrøystes godkjend: Idrettslaget dekkjer utlegg til fysioterapeut grunna idrettsskade for skuleelever til og med det året dei fyller 25 år. Oppgjer med fysioterapeut vert etter samla rekning for kvart kvartal. Det må leggjast fram kvittering for betalt medlemskontigent.

10. Medlemsrabatt for 1985: Tilbud om 10 % medlemsrabatt ved kjøp av idrettsutstyr fra Lonevåg Forbrukslag og Domus Nesttun var godteken. På spesielle kveldar kan Domus gjeva 15 %.

11. Disponering av reklameinntekta ved Osterøy Stadion: Inntekta for 1986 vert førebels sett av til klubbhus i lag med tidligare avsette reklamepengar for 1984 og 1985.

12. Lagsavis: Siste nr. av O.I.L.Stikkå vil br. Søreide gjeva ut til jul og styret må arbeida for å få folk til vidare utgjeving. Styret får fullmakt til å vera med i ei prøvesending i nærradio.

13. Delegering av arbeidet i styret: Vidareføring av ordninga der arbeidsutvalet på 5 medlemer tek avgjerdsla i mindre saker vert vidareført til også å gjelda for 1986.

14. Ymse: Etter at bana på Hjellvik er vorte ferdig er folka der i krinsen vorte samde om å starta oppatt med Hjellvik Idrettslag og eit A lag i fotball er allereide påmeldt i serien. Når det gjeld dei andre aktivitetane friidrett og ski så vil laget samarbeida med Osterøy Idrettslag men då reglane er litt uklare når det gjeld å starta for 2 lag må dette undersøkjast nøye. Møtet slutt 19.50.

M. Myking skrivar

Osterøy Idrettslag nyttar **SPAREBANKEN VEST** Bankgiro 3626.20.09151



OSTERØY IDROTTSKLAG

SKIPA 1918

Val: Desse vart vald i styret for 1986.

Formann	Jørgen Varden	1 år
N.formann	Karl Johan Reigstad	2 år
Kasserar	Jorunn Bergan	frå før
Skrivar	Monrad Myking	" "
Styremedlem	Bjørn Lone	2 år
1. varamann	Leif Mjelde	
2. "	Arnljot Rongved	
3. "	John Bernes	

Revisorer:

Norodd Helle
Geir Kleppe

Varamenn:

Arvid Løtveit
Jostein Jacobsen

Medlemer til kontaktutvalet:

Jørgen Varden 1 Monrad Myking 2 Jacob E Skjerping 3
Varamenn: Idar Elvik Jostein Jacobsen

Val av gruppeformenn og kassererar samrøystes:

Fotball	Inge Bruvik	Anlaug Herland	kass.
Friidrett	Arne Mjelde	Kjetil Loftås	"
Ski	Øyvind Litland	Kjersti Smøland	"
Turn	Kjell Røiseth	Ashild Låstad	"
Volleyball	Ann-Christin Hannisd.	Marit Brakvatne	"
Valestrandgr.	Vidar Simmenes	Grethe Brandsdal	"

Valnemd for 1986:

Egil Lohne Ingemar Valestrand Ellinor Langhelle

Sponsoravtalen:

Jørgen Varden Øystein Solberg Magnus Borge

Reklamenemda:

Norodd Helle Øystein Solberg Monrad Myking

Klubbhusnemda:

Jørgen Varden Øystein Solberg Norodd Helle
Idar Elvik Bjarne Langhelle Liv Simmenes

Premiesamlinga.

Einar Vevle Ivar Reigstad Asbjørn Reigstad

Idrettsmerkeutval:

Osvald Kalland Arnljot Rongved Tor Skaftun
Vidar Simmenes formann